



**Trikseshow**

**Cupdiskotek**

**Kiosk**

**Kafé**



1995-2026

**Boblefothball**

**Aktivitetar**

**Hoppeslott**

**Grillselskap**

**Trylleshow**

# SELJE CUP

**12. - 14. juni 2026**



## PROGRAM



***Velkommen til årets fotballfest!***

***[www.seljecup.no](http://www.seljecup.no)***

VÅRE HOVUDSPONSORAR:





## Velkommen til Seljecup 2026

Selje Idrettslag har gleda av å ynskje alle hjarteleg velkommen til 30-årsjubileum for Seljecup. Med unntak av dei to åra med pandemi 2020 og 2021 så har Seljecup blitt arrangert kvart år sidan 1995.

Påmeldinga til årets cup har vore større enn nokon gong. Vi har prøvd å finne plass til så mange lag som råd er. Veldig mange lag har stått lenge på venteliste, men det har dessverre ikkje vore mogeleg å få med fleire. Dette pga. fullbooka i høve kampavvikling, overnatting m.m. Totalt over 190 lag, i klasser frå 6-16 år, deltek på årets Seljecup.

Vi håpar alle på ein cup med mykje flott fotball, vennskap og glede. Selje IL legg stor vekt på FairPlay og har fleire gonger blitt kåra som «Årets FairPlay-klubb» i Sogn og Fjordane. La oss alle hjelpe kvarandre til FairPlay både på og utanfor bana. FairPlay handlar om mykje meir enn gule og raude kort. Det handlar om respekt, verdiar, inkludering og gode haldningar.

I år set Seljecup fokus på «Barnekreftforeningen» sitt viktige arbeid. Vi har fått mange signerte drakter frå klubbar som gevinstar til vårt cuplotteri. Alle inntekter går uavkorta til «Barnekreftforeningen».

Seljecup legg som vanleg opp til eit rikholdig program også utanom kampene med ulike aktiviteter. Vi rettar ei stor takk til alle våre dugnadsfolk som kvar på sin plass gjer ein fantastisk innsats for å få arrangementet i hamn. Vi håpar at alle får eit triveleg opphald og mange gode minne å ta med seg frå årets cup. Vi skal gjere vårt beste for at Seljecup skal bli ein ny suksess.

**Velkommen til årets fotballfest i Selje!**

*Atle Solheim -turneringsleiar-*



## Velkomen til Stad kommune og velkomen til Selje!

I år feirar vi eit stort jubileum: Seljecup fyller 30 år. Gjennom tre tiår har cupen utvikla seg frå eit lokalt initiativ til ein av dei viktigaste møteplassane for barne- og ungdomsfotball i regionen.

Seljecup er i dag ein stad der born og unge frå ulike kommunar og fylke møtest. Her blir nye relasjonar skapte, og gamle venskap styrkte. På ei fotballbane er alle like – her handlar det om lagspel, innsats og glede over å vere med.

Årets cup viser tydeleg kva dette har utvikla seg til. Om lag 190 lag, rundt 1400 spelarar og nær 400 kampar frå fredag til søndag vitnar om eit arrangement som engasjerer langt utover lokalmiljøet. At cupen har vore fullteikna lenge, og at lag framleis står på venteliste, understrekar denne utviklinga.

Eit arrangement av denne storleiken er heilt avhengig av frivillig innsats. Nærare 200 personar bidreg gjennom cuphelga, og legg ned eit stort arbeid på alt frå kampavvikling til overnatting, logistikk og servering. Med turneringsleiar Atle Solheim i spissen, og eit breitt lag av frivillige, blir dette løyst på ein måte som får arrangementet til å fungere år etter år.

Seljecup viser også korleis idrett kan vere ein arena for å bidra utover seg sjølv. Årets cuplotteri, der inntektene går til Barnekreftforeningen, er eit godt døme på korleis fellesskap kan omsetjast til konkret støtte og gjere ein forskjell.



Til alle deltakarar: Nyt fotballglede, prøv nye ting, bli kjent med kvarandre – og ta gjerne ein pause mellom kampene til å oppleve det Selje har å by på. Kanskje ventar både sol, sjø og ein tur på Seljesanden.

**Gratulerer med jubileet – og lykke til med dagane!**

*Judith Kvåle, Ordfører Stad kommune*

## Cup program

### Fredag 12. juni

|                 |                                                               |
|-----------------|---------------------------------------------------------------|
| 17.00 og utover | Innsjekking/registrering av lag                               |
| 18.00 - 21.00   | 28 kampar klasse 10-16 år                                     |
| 20.00 -22.30    | Kveldsmat i Selje Samfunnshus for overnattande lag med C-kort |

### Laurdag 13. juni

|                 |                                                                                                                                        |
|-----------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 07.00 - 10.00   | Frukost i Selje Samfunnshus for overnattande lag m/C-kort                                                                              |
| 08.00 - utover  | Innsjekking/registrering av lag                                                                                                        |
| 08.00 - 21.00   | 145 kampar klasse 10-14 år                                                                                                             |
| 13.00 -         | Trikseshow utover dagen, Erlend Fagerli                                                                                                |
| 12.00 - 15.00   | Lunch i Selje Samfunnshus for overnattande lag med C-kort                                                                              |
| 16.00 - 20.00   | Middag/grillmat for overnattande lag med C-kort. Sal av grillmat.                                                                      |
| 18.45-ca.19.45: | Songinnslag, tryllekunstnar, trikseshow                                                                                                |
| 20.00 - 23.00   | Cup-diskotek og «Scenen er din»/karoke m/DJ John Erik Strøm i Selje Samfunnshus. Aldersgrense 10-16 år. Gratis for alle cupdeltakarar. |

### Søndag 14. juni

|               |                                                                                              |
|---------------|----------------------------------------------------------------------------------------------|
| 07.00 - 10.00 | Frukost i Selje Samfunnshus for overnattande lag med C-kort. Adgang til å smørje lunchpakke. |
| 08.00 - 14.00 | 62 kampar klasse 10-14 år                                                                    |
| 12.00 -       | Trikseshow utover dagen, Erlend Fagerli                                                      |
| 13.00 - 17.00 | Sal av grillmat                                                                              |
| 14.15         | Selje skulekorps                                                                             |

## «Kongleriket» turnering 6-9 år

|                  |                                                                                                                                                                                                             |
|------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 13.00 -          | Innsjekking/registrering av lag i miniklasser 6-9 år                                                                                                                                                        |
| 13.45 - ca.18.00 | «Kongleriket» miniputt-turnering på 15 baner, 166 kampar. G6, G7, J6, J7 spelar 3-ar på 7 baner m/ vant ved skulen. G8, G9, J8, J9 spelar 5-ar på 8 baner på stadion. Fokus på frukt/grønt/sunn idrettsmat. |



## Serveringstilbod:

Kiosk v/tribuna – Kafételt v/skulen - Sal av grillmat laurdag og søndag ettermiddag

## Helsing frå NFF Sogn og Fjordane

Seljecup har gjennom 30 år skapt gode fotballminne for barn, unge og vaksne frå heile regionen. Det står stor respekt av måten Selje Idrettslag år etter år legg til rette for ei cuphelg prega av kvalitet, trivsel og fellesskap. Bak eit arrangement som dette ligg det eit enormt arbeid frå frivillige som brukar tid, krefter og en-

gasjement for at andre skal få gode opplevingar. Dei frivillige er sjølve ryggraden i norsk fotball, og Seljecup er eit strålende døme på kva som er mogeleg når mange gode krefter dreg i same retning. Takk til alle som bidreg før, under og etter cupen. De skaper ei ramme som betyr mykje for både små og store.



Eg ønskjer arrangørar, spelarar, trenarar, dommarar og publikum ei flott jubileumshelg i Selje.

*Jarle Christensen  
-Dagleg leiar, NFF Sogn og Fjordane-*

## Deltakarlag Seljecup 2026

### G6

Bremanger, Bryggja, Eid gul, Eid gul og svart, Eid svart, Frøy, Haugen, Heia, Kjølsdalen, Selje 1, Selje 2, Skavøypoll rød, Skavøypoll sort, Stadlandet, Svelgen 1, Svelgen 2, Tornado blå, Tornado kvit, Vanylven kvit, Vanylven blå

### G7

Bremanger kvit, Bremanger rød, Davik/Leir-gulen, Eid gul, Eid svart, Heia kvit, Heia svart, Selje, Skavøypoll, Stadlandet, Tornado blå, Tornado kvit, Vanylven blå, Vanylven blå 2

### J6

Eid, Flatraket, Kjølsdalen, Selje, Skavøypoll, Stadlandet, Svelgen, Tornado

### J7

Eid gul, Eid svart, Flatraket, Frøy, Selje blå, Selje hvit, Skavøypoll, Stadlandet, Svelgen, Tornado, Vanylven

### G8

Eid gul, Eid svart, Flatraket, Haugen, Heia, Kjølsdalen, Selje, Skavøypoll, Stadlandet, Tornado blå, Tornado hvit, Tornado rød, Vanylven blå, Vanylven kvit

### G9

Bergsøy kvit, Bergsøy raud, Bremanger, Eid gul, Eid svart, Flatraket, Heia, Selje, Skavøypoll, Stadlandet, Stadlandet 1, Svelgen, Tornado blå, Tornado kvit, Vanylven

### J8

Bremanger, Eid, Frøy, Selje, Skavøypoll, Tornado

### J9

Eid gul, Eid svart, Svelgen, Tornado blå, Tornado hvit, Vanylven

### G10

Eid, Guard Pepper, Guard Salt, HiMil, Rollon, Selje, Stadlandet, Tornado, Vanylven Ørsta kvit, Ørsta svart

### J10

Blindheim hvit, Blindheim svart, Selje, Stadlandet, Tornado, Vanylven, Volda grøn, Ørsta

### G11

Askvoll/Atløy, Austrheim, Bjarg Arsenal, Bjarg City, Bjarg Liverpool, Bjarg United, Blindheim grå, Blindheim hvit, Blindheim svart, Florø Rovers, Florø United, Skavøypoll, Volda grøn, Volda kvit, Tambarskjelvar, Ørsta kvit, Ørsta svart

### G12

Aksla, Askvoll/Atløy, Bergsøy kvit, Bergsøy raud, Eid, Larsnes, Måløy blå, Måløy hvit, Stryn, Volda, Volda grøn, Ørsta kvit, Ørsta svart

### J11

Askvoll, Blindheim, Eid, Emblem, Hødd, Selje, SIF/Hessa, Stryn 1, Stryn 2

### J12

Hødd, Måløy blå, Måløy rød, Sandane 1, Sandane 2, Selje, Stryn, Tambarskjelvar, Vanylven, Volda grøn, Volda kvit, Ørsta svart, Ørsta kvit

### G13

Bergsøy kvit, Bergsøy raud, Skodje 1, Skodje 2, Valder, Vanylven, Måløy blå, Måløy rød

### G14

Florø, Larsnes, Selje, Stadlandet, Tambarskjelvar, Vanylven

### J13

Austrheim, Bergsøy hvit, Bergsøy raud, Eid, Larsnes, Larsnes 1, Måløy, Selje, Stryn 1, Stryn 2, Valder blå, Valder kvit

### G15/16

Måløy, Selje/Stadlandet, Tambarskjelvar, Vanylven

## Klasseinndeling

| Klasse        |             | Speletid    | Lag  |
|---------------|-------------|-------------|------|
| <b>6-9 år</b> |             |             |      |
| G6            | Gutar 6 år  | 1 x 10 min. | 3-ar |
| G7            | Gutar 7 år  | 1 x 10 min. | 3-ar |
| J6            | Jenter 6 år | 1 x 10 min. | 3-ar |
| J7            | Jenter 7 år | 1x 10 min.  | 3-ar |
| G8            | Gutar 8 år  | 2 x 10 min. | 5-ar |
| G9            | Gutar 9 år  | 2 x 10 min. | 5-ar |
| J8            | Jenter 8 år | 2 x 10 min. | 5-ar |
| J9            | Jenter 9 år | 2 x 10 min. | 5-ar |

### 10-16 år:

|        |                |             |      |
|--------|----------------|-------------|------|
| G10    | Gutar 10 år    | 2 x 12 min. | 7-ar |
| J10    | Jenter 10 år   | 2 x 12 min. | 7-ar |
| G11    | Gutar 11 år    | 2 x 12 min. | 7-ar |
| G12    | Gutar 12 år    | 2 x 12 min. | 7-ar |
| J11    | Jenter 11 år   | 2 x 12 min. | 7-ar |
| J12    | Jenter 12 år   | 2 x 12 min. | 7-ar |
| G13    | Gutar 13 år    | 2 x 12 min. | 7-ar |
| G14    | Gutar 14 år    | 2 x 12 min. | 7-ar |
| J13    | Jenter 13 år   | 2 x 12 min. | 7-ar |
| G15-16 | Gutar 15-16 år | 2 x 12 min. | 7-ar |



## Aksjon «Barnekreftforeningen»

Seljecup/Selje IL hadde i fjor fokus på «Kampen mot barnedemens». I år rettar vi blikket mot «Barnekreftforeningen» sitt viktige arbeid. Vi rettar ei stor takk til klubbar som har gitt fotball-drakter som gevinstar til vårt cuplotteri. Kjøp lodd og bli med og støtt ei viktig sak. Alle inntekter går uavkorta til «Barnekreftforeningen».

### Gevinstar cuplotteri:

VM-drakt Norge - VM-drakt Norge, Ødgaard Norge-drakt kvinner - Molde – Aafk Sogndal – Brann kvinner – Rosenborg WestHam kvinner, YlinnTennebø - Viking.

2026  
**Vi støtter**

 Barnekreftforeningen





Postboks 132 - 6701 Måløy - Tlf.: 57 85 36 50 - Fax: 57 85 36 51 - [www.mhnservice.no](http://www.mhnservice.no)



Vi fører alt av engansutstyr og takker for tilliten som leverandør til Seljecup



## Vi heiar på alle

Som kunde hos oss bidreg du til vekst og fellesskap der du bur. Vi tek samfunnsansvaret vårt på alvor – derfor går overskotet tilbake til gode prosjekt, idrett og kultur. Og nettopp derfor er vi ein stolt sponsor av Seljecup.

No er vi Sparebanken Norge – men vi er framleis dei same lokale folka med det same lokale engasjementet.



[sbnorge.no](http://sbnorge.no)

Vi sponsar idrettsglede!



LES MEIR PÅ  
[eninvest.no/sponsor](http://eninvest.no/sponsor)  
57 00 91 00 | [eninvest.no](http://eninvest.no)

Din lokale breibandsleverandør i Sogn og Fjordane



**Autorisert bilverksted**

6740 Selje - tlf.: 57 85 65 45 - 945 02 952

BENSIN - OLJE - BILREKVISITA



# FJORD SHUTTLE



Ope 09-23

Fast food, is, slush, milkshake.

Velkomen til oss på Nabben!

## Synste Møre



RIKSBYGG



## SELJE CAMP- & HYTTESENTER

6740 Selje - Tlf.: 57 85 62 43 - [www.seljecamping.com](http://www.seljecamping.com)

# coop extra